



VEDLEGG
04/ 2771 - 29

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
086/04	Kommunestyret	16.12.04

Høyringsuttale på distriktskommisjonen si utgreiing NOU 2004:19 "Livskraftige distrikter og lokalsamfunn - for en helhetlig geografisk politikk" og KOU 2004:1 "Sterke regioner".

Dokument i saka:

S Høyringsuttale på distriktskommisjonen si utgreiing NOU 2004:19 "Livskraftige distrikter og lokalsamfunn -

Vedlegg:

Rapport frå arbeidsgruppe KS Telemark har sett ned.

Fakta i saka:

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) sendte 14. oktober i år ei høyring på Distriktskommisjonen si utgreiing, samt brev til KS datert 13. september om høyring på KOU 2004:1.

KS syner til tidlegare brev til KS om å gje ein samla høyringsuttale til KRD om Distriktskommisjonen si utgreiing, NOU 2004:19, "Livskraftige distrikter og lokalsamfunn - rammer for en helhetlig og geografisk tilpasset politikk", parallelt med KS høyring til KOU 2004:1 "Sterke regioner".

For å hjelpe kommunane har KS Telemark ved fylkesstyret oppnemnt ei arbeidsgruppe til å utarbeide forslag til høyringsuttale. Forslaget kan nyttast som det ligg føre, eller kommunane kan gjere dei enderingane som samsvarar med haldningar i eigen kommune.

Arbeidsgruppa er samansett av styreleiar i KS Telemark Jørund Ruud, varaordfører Heidi Hamadi, ordfører Øyvind Tveit, ordfører Erling Laland, fylkesordfører Gunn Marit Helgesen, ordfører Jan Thorsen og varaordfører Turid Opedal. Ved oppnemning er det prøva å take omsyn til regionsamarbeidet innan fylket og partisamansetning. Opedal og Thorsen har ikkje hatt høve til å delta i arbeidet, men stiller seg bak fleirtalet si innstilling.

Arbeidsgruppa har valt å lage ein felles høyringsuttale til Distriktskommisjonen si utgreiing og KS si utgreiing, fordi det er store flater som rører med kvarandre mellom dei to utgreiingane. Forslaget inneheld eit samandrag samt meir inngående vurderingar av (i) mål, strategiar og styringssystem i distrikt- og regionalpolitikken (ii) oppgåver, og finansiering; (iii) kriterier for inndeling og alternativ for inndeling; og (iv) erfaringar frå BTV-samarbeidet og forholdet til kommunestruktur. Samandraget er dekkjande for hovudkonklusjonane i høyringsuttala.

Høyringsfrist er sett til 4. februar 2005. Departementet har sett høyringsfrist til 14. januar for dei delar som skal opp i regionalmeldinga. Kommunane blir sterkt oppfordra til å gje uttale.

Vurdering:

Nissedal kommunestyre har i sak 075/04 handsama sak om framtida sin kommunestruktur. Vedtaket som her vart gjort, lyder:

Nissedal kommunestyre vurderer fylgjande alternativ som aktuelle i høve til framtidas kommunestruktur:

- I. Vidareutvikle dagens samarbeid, med bakgrunn i frivillighetsprinsippet.*
- II. Regionkommune Vest-Telemark.*
- III. Samkommune Vest-Telemark (formannskap og kommunestyre i kvar kommune som før, men med eit overordna regionstyre samansett av formannskapa frå kvar kommune).*
- IV. Kommunesamanslutning mellom Nissedal, Fyresdal og Kviteseid. Dersom Telemark og Agder går saman i ein region, kan det vere aktuelt at Åmli blir med i dette alternativet.*

Utifrå dei signal Nissedal kommunestyre førebels har gitt i arbeidet med å vurdere endra kommuneinndeling, er dette godt i samsvar med dei konklusjonane arbeidsgruppa i KS Telemark har kome med i samandraget av sin rapport.

Det er likevel verdt å merke seg at eit mindretal på to, beståande av ordførarane i Kragerø og Nissedal, primært går inn for ein region beståande av Buskerud, Telemark, Vestfold og Agder fylka.

Når Nissedal kommunestyre har gjort førebels vedtak om det kan vere aktuelt å samarbeide også med Åmli, dersom Telemark og Agder går saman i ein region, er dette eit sterkt signal som ordføraren har følgd opp som deltakar i den KS oppnemnte arbeidsgruppa.

Forutan at Nissedal kommune ligg inntil Agder-grensa, har ein både ein kultur og tradisjon for å samarbeide sørover. Avstanden til Åmli, men og til Arendal, er kort med forholdsvis gode vegar.

Nissedal kommune har i dag samarbeid med Åmli kommune i hovudsak gjennom IATA og med Arendal kommune via legevaktsamarbeidet. Kommunane har mange felles interesser blant anna innanfor reiseliv (jf. Telemarksvegen) og som vassdragskommunar som tilhøyrer same vassdraget.

Det er på mange måtar den eksisterande fylkesgrensa i dag som har ført til at dei naturlege "møtestadene" ikkje finnest mellom Åmli og Nissedal kommunar. Desse samarbeida er naturlegvis godt etablert fylkesvis, men og for Nissedal kommune svært godt i Vest-Telemark samarbeidet.

Med ei anna regioninndeling ville ein kunne få til samarbeid sørover som kan vere spesielt interessant for Nissedal kommune.

Eg vil også halde fram at eit slikt samarbeid kunne vere av største interesse for heile Vest-Telemark. Dette da kommunar som t.d. Bykle, Valle, Bygland, Sirdal og Åseral er typiske innlands-/utmarkskommunar som da lettare kunne gå inn i ein stor utmarksregion med slagkraft for å bevare og utvikle felles interesser. I ein BTV-region kan Vest-Telemark bli svært liten, sett opp i mot dei meir sentrale områda av denne regionen der folketalet naturlegvis også er størst.

Det er og verdt å merke seg regionsamarbeidet innan helse (Helse Sør RHF) og samferdsel (Statens Vegvesen Region Sør) der vi i dag har ei regioninndeling der alle dei fem nemnte fylka er med.

Det er heller ikkje usannsynleg at Drammens-regionen kan gjere val om å gå mot Oslo. Dvs. at ein kan få avskalningar både her og for delar av Vest-Agder som kan finne det meir naturleg å tenkje seg vestover mot Rogaland og tilhøyrande region.

Ei slik utvikling forsterkar argumentasjonen for ein region beståande av dei fem fylka.

Rådmannen si tilråding :

Nissedal kommunestyre gjev sin tilslutning til den felles høyringsuttale som KS Telemark gjennom nedsett arbeidsgruppe har utarbeida.

Nissedal kommunestyre vil understreke at ein primært ynskjer ei inndeling der Buskerud, Telemark, Vestfold og Agder-fylka utgjer ein region.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2004:

Votering: Samrøystes som tilråding.

Vedtak i Kommunestyret - 16.12.2004:

Nissedal kommunestyre gjev sin tilslutning til den felles høyringsuttale som KS Telemark gjennom nedsett arbeidsgruppe har utarbeida.

Nissedal kommunestyre vil understreke at ein primært ynskjer ei inndeling der Buskerud, Telemark, Vestfold og Agder-fylka utgjer ein region.

Kopi:

Kommunal- og regionaldepartementet, postboks 8112 Dep., 0032 Oslo

KS, postboks 1378 Vika, 0114 OSLO

KS Telemark, Fylkesbakken 6, 3715 SKIEN

Åmli kommune, 4865 ÅMLI